

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN
Mobilitet og
Kollektivtransport

Vår ref.

21/578-4

Dykkar ref.**Arkiv**

K2-N32

Dato:

03.05.2021

Dykkar referanse 2021/17206-1

Uttale om godsbåten Bergen – Gulen, Solund og Askvoll

Askvoll kommune viser til brev frå Vestland fylkeskommune datert 08.04.2021 om høyring om behovet for godstransport og forslag til korleis behovet kan løysast, med frist 4. mai.
Askvoll kommune takkar for høvet til å kome med innspel.

Kort om Askvoll:

I vår og andre kystkommunar i distriktet har ein naturressursar og bedrifter som gjer at fylket kan skape nye og framtidsretta arbeidsplassar. Men næringsutvikling og verdiskaping er avhengig av god infrastruktur og føreset gode løysingar for kommunikasjon og transport av både gods og folk. Sjøvegen sikrar effektiv transport med låge utslepp og effektive hamner kan vere ei vekstnæring. Skal heile fylket takast i bruk er det viktig at gode transportløysingar i distrikta vert beholdt og vidareutvikla. Samfunnsgevinsten er reduserte samferdselskostnader, færre ulykker, betre miljø og reduserte klimautslepp.

Medrekna havareal er Askvoll kommune 1589 km² og plasserer seg i øvre halvdel når det gjeld kommunestorleik. Kommunen består av fleire spreidde øy- og bygdesamfunn der berre 1 av 4 av dei rundt 3000 innbyggjarane bur i tettbygde områder. Askvoll er einaste kommunen i Vestland som har ein styrkeposisjon innan fiskeri, og har også ein styrkeposisjon innan rederi. Den marine næringa i kommunen består av næringsverksemd knytt til fiskeri og havbruk, og eksporten i 2017 var på 160 mill. kr. Dette gav grunnlag for 110 arbeidsplassar, der om lag halvparten er i eksportbedrifter.

Askvoll kommune har informert bedrifter og næringsdrivande i kommunen om saka og samla inn innspel frå desse. Dei skriftelege innspela frå desse er lagt ved.

Under følgjer Askvoll kommune sin uttale til dei tre alternativa:

Alternativ 1. VLFK tek ikkje ansvar for godstransport til stadar utan veg ut over det godset som kan fraktast med passasjerbåt til stader der ein har dette som tilbod.

- Etter vår mening er dette ikkje noko realistisk alternativ. Det vil øydelegge grunnlaget for fleire av bedriftene i kommunen og vil kunne gjere det vanskeleg å oppretthalde busetnaden på øyane.
- Askvoll kommune oppmodar om at saka blir utgreidd vidare utan alternativ 1.

Alternativ 2. VLFK vidarefører ordning tilsvarande dagens ordning.

- Askvoll kommune meiner dette er det beste alternativet. Vi vonar at dagens ordning med godsbåt tre gongar i veka kan vidareførast og utviklast.
- Bulandet Fiskemottak sender fersk fisk isa i kar sørover til Bøvågen, og godsbåten kjem attende med tomme kar nordover. Bedrifta er heilt avhengige av stabil og rask kommunikasjon og nyttar hovudsakleg Kyst1 som transportør. Fiskemottaket ser store problem med den vidare drifta om godsrutetilboden mellom Bulandet og Bergen vert endra.
- AS Nikøy – Joker Bulandet og Nikøy Eigedom AS nyttar godsruta til større kolli som ved, murstein, sand, etc., samt transport av varer til kundar langs leia. Dette er gods som det kan vere krevjande å transportere over land til ein fornuftig pris.
- Værlandet Fiskeredskap AS ynskjer å fokusere meir mot leveransar av utstyr og tenester for havbrukssektoren i framtida. For dei og Seaweed AS (pioneerar innan taredyrking) er godsbåten viktig og vil bli godt nyttा framover.
- Vi vil påpeike at det er ein nasjonal strategi å flytte gods frå land til sjø, og at vegnettet i Sogn og Fjordane stort sett går aust-vest og ikkje nord-sør. Eit godt heilskapleg tilbod med tilstrekkeleg frekvens og kombinasjonen kjøl og hjul er viktig. Vi vonar fylkeskommunen kan vere pådrivar for god samhandling mellom godsaktørane. I fellesskap kan ein treffen tiltak for å auke marknadsdelen til sjøtransport og utnytte moglegheitene for ei god og berekraftig transportløysing.

Alternativ 3. VLFK etablerer lokalt godsrutetilbod i området dvs. hovudsakleg Solund

- Ein lokal godsbåt løyser ikkje behovet for å få frakta varer til og frå Bergen, som utgjer størstedelen av volumet og verdien.
- Det er verksemder som leverer fersk fisk og andre varer med godsbåten til Bøvågen, og kombinasjonen lokal godsbåt og bil er eit svært dårleg alternativ for desse.

Forslag til endringar:

- Det bør utgreiast om godsbåtruta kan forlengast til Florø. Ein vil då kunne få eit knutepunkt for gods i kvar ende av ruta. I dag er frakt til og frå Florø svært vanskeleg å få til. Med anløp i Florø vil ein kunne sende og motta gods frå Hurtigruta og andre båtar som trafikkerer kysten nordover.

Askvoll 3. mai 2021.

Med helsing

Håkon Loftheim
rådmann

Arve Åsnes
Næringsrådgjevar og folkehelsekoordinator

Brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.